



Harald Sundhordvik
Moldekleiv 93
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1045 - 15/20061

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
10.11.2015

Godkjenning- GBNR 27/3 - Løyve til frådelling av bustadhus/tun

Administrativt vedtak. Saknr: 398/2015

Saksutgreiing:

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad m/ vedlegg journalført 28.10.2015 om løyve til deling av gbnr 27/3 i Meland kommune, for oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål på om lag 1000 m², jf Plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav m.

Vurdering

Nabovarsling:

Søknaden er nabovarsla 27.10.2015 i samsvar med pbl § 21-3 andre ledd. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Plangrunnlag:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel som landbruk, natur, og friluftsområde (LNF-område). Delinga er jordlovsbehandla og dispensasjon frå forbod om tiltak i LNF- område i kommuneplanen er gitt i UDU-vedtak 62/2015.

Vilkår for deling etter plan- og bygningslova- Tilknytning til infrastruktur:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

Frådeling må vera i samsvar med gjeldande arealplan og de krav som elles er fastsett i eller med heimel i Plan- og bygningslova, jf. pbl §§ 26-1 («Opprettelse og endring av eigedom») eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve).

Ny grunneigedom kan ikkje opprettast til bustadformål før eigedomen er sikra tilkomst, vassforsyning og bortleiing av avlaupsvatn i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4. Omsøkt tiltak er frådeling av hus nr 2 på garden, bustaden nyttar alt kommunalveg fram til eigedommen og vassforsyning og avlaupsanlegg er sikra ved bruk av eksisterande anlegg. Ved deling skal desse rettighetane tinglysast på den ny oppretta eigedommen.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og den vert godkjent som omsøkt, jf. vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 10.11.2015. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på parsellen vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av ny grunneigedom på om lag 1000 m², frå gbnr 27/3 i samsvar med søknad journalført 28.10.2015, og som vist på situasjonskart stempla godkjent 10.11.2015. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Endelege grenser og nøyaktig storleik på parsellen vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova. Rettigheter for tilkomst, vass og avlaupsanlegg/leidningar må tinglysast på den nye grunneigedommen.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringer ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til klage på vedtaket vera nytta fult ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan

difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

273

Mottakere:

Harald Sundhordvik

Moldekleiv 93

5918

FREKHAUG